

SKOLEBARNAS
TRAFIKKALENDER

TIPSHEFTE TIL
LÆRAREN

Skoleåret 2024/2025





Tillate å kopiere!

TIL LÆRAREN

Enda eit nytt skoleår er i støypeskjeen. Du som lærar, har eit stort tal arbeids- og ansvarsoppgåver, som utfordrar deg på ulike måtar. Ein av oppgåvene er kanskje litt beskjedent i omfang, men likevel svært viktig: Trafikkopplæring!

Difor tilbyr Skolebarnas Trafikkalender òg i år ein gratis kalender til kvar elev i 1. til 4. klasse. Der tek vi opp aktuelle tema som handlar om å ferdast i trafikken på ein trygg måte, til dømes nytte av refleks og sykkelhjelm. Vi tilbyr oppgåver elevane kan svare på. Vi tek gjerne imot svar og elevoppgåver, som vi gir tilbakemelding på, og vi deler ut premiar til nokre heldige vinnarar!

I tillegg til kalenderen følgjer vi opp tema i heftet du no les i: «Tipshefte til læraren». Her finn du mange tips til undervisninga og konkrete oppgåver elevane kan arbeide med. I Tipsheftet

kan du velje og vrake. Du må sjølvsagt ikkje nytte alle tipsa.

Nytt av året er eit samarbeid vi har avtalt med Norges Lastebileier-Forbund. Dei tilbyr mellom anna å kome på lastebilbesøk til di skole! Spannande!

Gå gjerne inn på heimesida vår: trafikkalenderen.no. Der finn du kalender, tipshefte og mykje meir, mellom anna trafikksongar med komp du gjerne må nytte i undervisninga!

Vi takkar for utruleg mange innsende teikningar og oppgåvesvar. Det inspirerer og motiverer oss! Vi er klare til å ta imot mange innsendingar i år også!

Lykke til med skoleåret 2024/2025!

Knut Søyland



Knut Søyland har jobba som lærar og skoleleiar på barnetrinn og ungdomstrinn i fleire kommunar, samt vore rektor på Sandefjord Folkehøyskole. Han står òg bak firmaet Tekst og Musikkservice og er tekstkonsulent for Skolebarnas Trafikkalender. Som språkleg rettesnor er nytta Hellevik, Rauset og Søyland: Nynorsk ordliste, 11. utgåva, Samlaget.

2

Tipshefte til læraren



INFORMASJON

Postadresse:

Skolebarnas Trafikkalender
Postboks 1311, Trudvang
3105, Tønsberg

Kontakt oss:

E-post: post@trafikkalenderen.no
Heimeside: trafikkalenderen.no

Datoar for innsendingsoppgåver på kalenderen og i tipsheftet:

Sommar:

27. september 2024

Haust:

29. november 2024

Hugs klasse, namn og adresse til skolen!

Vinter:

7. mars 2025

Vår:

11. mai 2025

Vinnarar 2023:

Sykkelhjelm:

Viktor, Rognan barneskole
Maria, Slemdal skole
Nikolei, Lone skule
Ella, Østensjø skole
Jonas, Nord-Aurdal barneskole
Sofia, Nord-Aurdal barneskole
Dawid, Stuenes skole
Nea, Røklund skole

Julie

Sykkelhjelm
Reflekssele
Refleksbrikker

Tobias

Sykkelhjelm
Reflekssele
Refleksbrikker

Håkon

Sykkelhjelm
Reflekssele
Refleksbrikker




Gje oss melding om du vil ha fleire tipshefte eller kalendrår!



Tillate å kopiere!

DET RULLAR



(Læraren les)

-Eg kom til å tenkje på at det er veeeeldig mange forskjellige sykklar. Berre sjå på dei vi har her, seier Per og ser seg rundt.

Per er ute på sykkelstur med sparkesykkelen. Han hadde avtalt å møte mange av vennene no i ettermiddag. Dei skal ha ein konkurranse.

-Det er vel ikkje om å gjere at alle syklane er like, meiner Bike. Eg likar best vanleg sykkel, men du vil helst ha sparkesykkel!

-Ja - òg er det alle slags fargar, og det syns eg er kult, meiner Mille.

-Eg er glad for at eg fekk arve denne sykkelen. Hos oss passa det veldig fint, for det var vanskeleg å ha råd til å kjøpe nye sykklar til fleire samtidig.

Velo ser stolt på sykkelen sin.

-No startar vi konkurransen. Alle kan teste løypa først. Løypa går opp bakken der i skogen, så litt bortover og så bratt ned hit igjen til parkeringsplassen.

Per peikar og forklarar så godt han kan!

-Men der kjem jo Lens Politi. Kvifor kjem han? spør Velo.

-Lens skal sjekke alle syklane at dei har bremsar og utstyr i orden. Så sjekkar han at alle har sykkelhjelm, forklarar Per.

-Sjølvsagt nyttar alle hjelm uansett kva for sykkel dei har, seier Bike. Men kven skal starte og ta tida? lurar Mille på.

-Vi er heldige: Lens Politi blir med heile tida, men det blir berre tre rundar på kvar, seier Per og smiler nøgd!



SOMMAROPPGÅVER

- 1 Les forteljinga på side 4 for elevane.
- 2 Ha ein samtale med elevane om det å tilpasse farten i trafikken. Sjå på biletet av Per og Lens Politi i kalenderen. Har Per tilpassa farten?
- 3 På side 7 er det teikna opp 4 trafikkskilt. Ta kopi av sida, forstørr gjerne sida til A3, lat elevane fargeleggje og skrive namna på skilta under teikningane. Finn gjerne skilta på Statens Vegvesen sine nettsider, så elevane kan sjå rette fargar! Snakk med elevane om kva desse skilta fortel!
- 4 Lytt til og syng Sykkelsamba. Du finn songen, tekst og komp på nettsida vår: trafikkalenderen.no
- 5 Snakk med elevane om at det ikkje er lov for barn under 12 år å nytte el-sparkeysykkel!
- 6 Ta kopi av rebusen på side 6. Lat elevane løyse den. Nytt kalenderen for å kjenne att namna på vennene våre – til nytte i rebusen. Send gjerne inn løysingane til oss – så får elevane ein respons frå oss! Dei kan òg teikne sin favorittsparkesykkel! Hugs innsendingsfristen 27. september 2024.
- 7 Mange skolar tilrår eller tillèt ikkje at elevane syklar til skolen før etter 3. eller 4. klasse. Likevel kan kanskje skolen arrangere ein dag der ein kontrollerer at syklane er i forskriftsmessig stand? Det er moro å ha ein konkurranse med ferdigheit eller fart som tema – arrangert i ei løype på ein trafikksikker stad.










Tillate & kopiere!



REBUS



Skriv rebusord:

.....



Tipshefte til læraren





KVA HEITER SKILTA?



1 Skriv namnet på kvar av skilta.

2 Fargelegg skilta med rette fargar.




.....

.....



.....

.....





Tillate å kopiere!

REFLEKSAR LYSER

(Læraren les)

-Så fint at de nyttar refleksar når de står og ventar på Skolebussen. Dei lyser skikkeleg, og da kan eg lett sjå dykk, seier sjåføren på Skolebussen til Bike og Velo, som skal gå inn på bussen.

-Men dei lyser jo ikkje – eigentleg, svarar Bike.

-Det er jo ikkje noko batteri eller lypærer i refleksane, smiler Velo.

-Sett dykk ned rett bak meg, så kan eg forklare dykk litt!

Bussjåføren forklarar Bike og Velo at dei har heilt rett i det dei seier. Det er ingen lypærer eller batteri. Men kvifor kan vi da seie at refleksane lyser?

Det er jo bussen som lyser – med lys frå billyktene.

Det har de sikkert sett. Og så er det slik at når lyset frå bussen treffer

refleksane de har på, så ser det ut som om refleksane lyser sjølve!

Sjåføren snakkar roleg, og det er lett å forstå kva han meiner!

-Det visste vi kanskje frå før, men det er så fint når du forklarar, skryt Velo.

-Sjå no der borte! Der ser de at det lyser frå nokre refleksar. Det står to barn der og ventar på Skolebussen, seier sjåføren og peikar!

Berre litt etterpå seier Bike høgt:

-Men det står ein til der. Der er jo tre elevlar! Den tredje såg ikkje eg!

-Ja, og kvifor såg vi ikkje den tredje før vi var veldig nær....? spør bussjåføren.

Det var veldig enkelt å svare på og forklare for Bike og Velo!!!! Kva trur de dei sa.....?





HAUSTOPPGÅVER

- 1 På heimesida vår: trafikkalenderen.no finn du Reflekssangen. Der finn du òg ein versjon berre med komp, og sjølvsagt tekst og notar: Syng songen saman med elevane!
- 2 Les forteljinga på side 8 for elevane! Lat elevane kome med spontane tankar og spørsmål!
- 3 På side 10 ser du ein annonse frå Norsk Lastebileigarforbund med fin informasjon og tilbod til dykk! Dei gjennomfører trafikksikkerheitskampanjen «Venner på veien». Ta kontakt med dei, da vel!
- 4 Ta kopi på eit litt tjukt papir av lastebilen «Scanita» på side 11. Lat elevane fargeleggje teikninga. Vi set pris på og gir respons på alle innsende teikningar! Hugs innsendingsfristen 29. november 2024.
- 5 Sjå på biletet i kalenderen kor fint refleksane til Bike lyser i bileta frå Frøken Fartsgal! Snakk om kor viktig det er å nytte refleks når vi er ute i trafikken og det er mørkt! Kan elevane sjå av kalenderen når Refleksdagen er?
- 6 Lat elevane ta med ulike refleksar på skolen. Finn eit mørkt rom på skolen der elevane kan teste refleksane ved at dei lyser på kvarandre med kraftige lommelykter. Fint om det kan vere ganske god avstand mellom refleksar og lys!!!





VENNER PÅ VEIEN

**ØNSKER DU Å
FÅ EN LASTEBIL
TIL DIN SKOLE?**


Ta kontakt med NLF
på post@lastebil.no
eller se lastebil.no.

**En lastebil kommer til skolen – en helt
spesiell undervisningstime i trafikksikkerhet**

Trafikksikkerhetskampanjen «Venner på veien» retter seg mot barn i 1. og 2. klasse. Kampanjen er et initiativ fra Norges Lastebileier-Forbund, og gjennomføres av våre medlemmer rundt i hele landet. Målet er å lære barna mer om hvordan de skal forholde seg til store lastebiler i trafikken.




NORGES LASTEBILEIER-FORBUND






Tillate å kopiere!



UTE PÅ VEGEN



(Læraren les)

-God morgon, Frøken Fartsgal!
Kvifor står du her?

Morris Minor har stoppa rett bak den raude bilen. Han lurar på om det er noko som ikkje er greit. Frøken Fartsgal smiler lurt.

-Eg gjer meg klar til å teste kor fort eg kan køyre herfrå og bort til gangfeltet du ser i enden av sletta der borte. Det kjem til å bli ny rekord i dag!

Morris Minor skvett til og vert uroa i stemma:

-Du kan ikkje køyre fort her! Det er ikkje lov! Og så må du sjå deg for å stogge ved gangfeltet, om nokon skal gå over vegen der borte! Slik er reglane!

-Dei får heller vente - og eg køyrer akkurat så fort eg vil! Og skilta dei har sett opp her, er berre dumme, både det med fartsgrense og gangfelt!

Frøken Fartsgal rusar opp motoren så bilen brummar skikkeleg. Ho er klar

for ny fartsrekord!

Morris Minor prøver å seie noko meir, men det er for seint! I det den raude bilen susar av garde, ser Morris Minor at det er nokre barn som nærmar seg fotgjengarfeltet for å krysse vegen. Han blinkar så mykje han kan med lyktene på bilen. Til og med tutar han fleire gonger - noko han sjeldan gjer. Han er jo gammal og ordentleg!

Heldigvis ser Morris Minor at barna har sett at han blinkar og høyrd at han tutar.

Frøken Fartsgal nærmar seg gangfeltet, og han ser at baklysa hennar straks er borte ved enden av sletta. Ho ser ikkje ut til å tenkje å stogge, for bremselysa lyser ikkje!

Vil ho stogge for å sleppe over barna? Eller kjem barna til å vente til det er klart?

Kva trur du?



VINTEROPPGÅVER

- 1 Ta kopi av teikninga av Frøken Fartsgal på side 15. Lat elevane fargeleggje den tøffe bilen! Bruk gjerne eit litt tjukt kopipapir! Fint om de sender inn elevteikningane til oss! Moglegheiter for å vinne fine premiar!
- 2 Les forteljinga på side 12 for elevane. Kanskje elevane kan kome med ei oppfølging av forteljinga? Skriv gjerne ned stikkord eller setningar!
- 3 Snakk med elevane om å nytte fortau eller gangvegar dersom det finst i nærmiljøet til skolen.
- 4 Gå gjerne ut med grupper av elevane for å trene på å gå trygt på vinterføre!
- 5 Kva slags skilt har Tryggleif på hovudet?
- 6 Ta kopi av rebusen/kryssordet på side 14. Lat elevane løyse den på kvar sitt ark, men dei kan gjerne samarbeide eller få hjelp dersom dei står heilt fast. Bruk kalenderen for å kjenne att vennene våre og finne namna deira! Vi set pris på alle innsende løysingar! Hugs innsendingsfristen 7. mars 2025.





Tillate å kopiere!

REBUS

The crossword puzzle grid consists of 10 rows and 5 columns. A vertical column of 10 cells is shaded pink. The clues are as follows:

- Row 1: A unicycle (green and purple) is positioned above the first cell of the pink column.
- Row 2: A unicycle (purple and pink) is positioned to the left of the first cell of the pink column.
- Row 3: A sword (black and silver) is positioned to the left of the first cell of the pink column.
- Row 4: A coiled rope (brown) is positioned to the left of the first cell of the pink column.
- Row 5: A blue tricycle is positioned to the left of the first cell of the pink column.
- Row 6: A cartoon fox (orange and white) is positioned to the left of the first cell of the pink column.
- Row 7: A red bicycle is positioned to the left of the first three cells of the grid.
- Row 8: A nose (brown) is positioned below the first cell of the pink column.

Skriv rebusord:

.....





Tillate å kopiere!

HJELMEN ER PÅ

(Læraren les)

Mille står og snakkar med mange venner i skolegården. Det er friminutt og dei kosar seg ute.

-I dag hadde vi teljing i klassen for å vite kven som brukar sykkelhjelm kvar gong dei er ute og rullar.... Vil de gjette kva resultatet vart?

Dei andre har mange forslag. Mille er glad da ho kan fortelje at dette året svara alle elevane i klassen at dei alltid nyttar hjelm når dei sykklar, skatar, går på rulleskøyter eller nyttar sparkesykkel!

-Så bra, men er det rett, trur du? Òg om nokon berre er på ein liten runde? spør ein av elevane frå ein annan klasse.

Mille er sikker på det, fordi klassen har hatt ein konkurranse i to veker. Konkurransen gjekk ut på at alle lova å nytte hjelm. Alle i klassen skulle passe på kvarandre. Dei vart òg einige om at dei skulle seie ifrå om dei såg andre i

klassen som ikkje nytta hjelm. Det var ikkje tysting, men noko det var lov å seie ifrå om. Fint å vite når dei skulle telje opp.

-Og veit de kva premien er om vi klarte det, undrar Mille.

-Jo - da har læraren lova at neste fredag midt på dagen, skal vi dra på tur - med noko som rullar- sykkel eller noko anna vi pleier å nytte! Vi tek med oss maten og et borte ved skogen oppe i åsen.

-Og så sa læraren at vi kanskje skulle stogge ved butikken på veg tilbake å kjøpe noko - som er på to bokstavar og som smakar veldig godt Men de må hugse på ein ting på den turen, seier Bike som har høyrte på kva Mille snakkar med vennene om.

-Da må de i alle fall hugse å nytte hjelm den dagen, seier Bike og smiler.


Heile gjengen ler godt av han og seier han kanskje kunne bli med på turen - med hjelm, sjølvsagt!






VÅROPPGÅVER


- 1 Har de sunge Sykkelsamba? De finn songen med komp og tekst på nettsida vår: trafikkalenderen.no
- 2 Les forteljinga på side 16 for elevane. Snakk om og gjenta kor viktig det er å nytte sykkelhjelm i alle aktivitetar der «hjula rullar»!
- 3 På side 18 finn de ein spennande sykkelhjelm elevane kan fargeleggje: Nytte litt tjukt kopipapir, så blir det lettare for elevane å fargeleggje!
- 4 Elevane kan òg teikne si eiga hjelm! Send gjerne inn elevteikningane til oss! Vi gir respons!
- 5 Snakk med elevane om kor viktig det er å feste hjelmen godt på hovudet. Kanskje alle elevane ein dag kan ta med hjelmen sin på skolen og få hjelp til å justere den så den passar og sit godt på hovudet?!
- 6 På side 19 finn de ei teikning av Skolebussen. Lat elevane fargeleggje bussen - og dei kan gjerne pynte litt rundt! Nytte kalenderen for å sjå bussen tydeleg! Vi er glade om de sender inn teikningar til oss av hjelm og/eller buss! Hugs innsendingsfristen 11. mai 2025.






Tillate 3 kopiere!





Skriv rebusord:

SKOLEBARNAS TRAFIKKALENDER



VIKTIGE NUMMER:



116 111
ALARMTELEFONEN
for barn og unge

Skolebarnas Trafikkalender, postboks 1311 Trudvang, 3105 Tønsberg